

Protokoll frå møtet i interimsstyret i Språkrådet 28.2.06

Til stades: Fuglevik, Haugen, Karlsen, Østerud og Øvrebotten
Forfall: Eikemo, Fretland
Frå sekretariatet: direktør Lomheim, rådgjevar Runnestø og administrasjonssjef Trondsen
Møtestad: Språkrådet, Observatorieg. 1 B, Oslo
Møteleiar: Karlsen
Referent: Runnestø
Møtetid: Kl. 10.00–13.00

Sakliste:

Vedtaksaker

- Sak 5.1/06 Protokoll frå styremøtet 26. januar 2006
Sak 5.2/06 Endeleg rekneskap for 2005
Sak 5.3/06 Budsjettforslag for 2007
Sak 5.4/06 Strategidokumentet *Norsk i hundre!* – Følgjeskriv til departementet
Sak 5.5/06 Ny ekstern organisering av Språkrådet
- reviderte mandatutkast og namn for fagråda
 - oppnemning av medlemmer til fagråda (dersom KKD har oppnemnt styre, og vedtektene ligg føre)

Orienteringssaker

- Sak 6.1/06 Plan for gjennomføringa av arbeidet med intern organisering og omstilling
Sak 6.2/06 Orientering ved direktøren

Eventuelt

Det var ingen innvendingar til saklista. Ingen melde saker under Eventuelt.

Styreleiaren orienterte kort om den formelle statusen: Departementet har ikkje enno nemnt opp noko styre etter interimsstyret, og det har ikkje kome melding om at vedtektene for Språkrådet er ferdige.

Vedtaksaker

Sak 5.1/06 Protokoll frå styremøtet 26. januar 2006

Protokollen var send ut før møtet. Etter ynske frå Haugen vart ordlyden endra noko under sak 1.5/06. Elles hadde ingen av dei frammøtte merknader til protokollen.

Vedtak: *Protokollen vart godkjend.*

Sak 5.2/06 Endeleg rekneskap for 2005

Desse sakspapira var sende ut:

- merknader til rekneskapen for 2005
- taloppstilling over budsjettramme og rekneskap
- samandrag per prosjektkode

På møtet vart ein korrigert versjon av rekneskapen for 2005 delt ut.

Administrasjonssjefen informerte om at det var manglande samsvar mellom tala i statsrekneskapen og tala Språkrådet hadde rapportert som endelege rekneskapstal for 2005 til departementet. Årsaka var inntekter som var mottekne heilt på slutten av året frå Nordisk ministerråd. Den endelege rekneskapen for 2005 viser eit netto mindreforbruk på 638 000 kr. Resultatet gjev eit misvisande bilete av den faktiske situasjonen.

Sekretariatet arbeider med å betra rutineane for føring og oppfølging av rekneskapen.

Vedtak: *Styret ynskjer ei nærare utgreiing om formalitetar rundt inntektene, og bad om at saka blir lagd fram att med kommentarar på neste møte. Styret bad vidare om ei orientering om korleis Språkrådet handterer rekneskapsføringa av midlane frå Nordisk ministerråd.*

Sak 5.3/06 Budsjettforslag for 2007

Desse sakspapira var sende ut:

- merknader til budsjettsøknad for 2007
- utkast til brev med vedlegg til Kultur- og kyrkjedepartementet om budsjett 2007
- budsjetttrundskriv for 2007 datert 3.1.06

Desse vart delte ut på møtet:

- ny tekst i staden for eit avsnitt side 4 i budsjettforslaget vedlagt fire sider frå rapporten ”Samling og tilgjengeleggjering av språkteknologiressursar”
- referat frå møtet 27.2.06 mellom leiinga i sekretariatet og organisasjonane NTL og Forskarforbundet
- brev 28.2.06 frå Forskarforbundet til styret (gjeld òg sak 5.4 og 5.5)

Direktøren orienterte om budsjettforslaget for 2007 og kommenterte merknadene frå Forskarforbundet. Han viste til at budsjettet for 2007 må sjåast i samanheng med mandata for fagråda (sak 5.5/06) og med følgeskrivet til strategidokumentet, som skal vera det språkpolitiske innspelet frå Språkrådet til den varsla stortingsmeldinga om språk. Nye tiltak i forslaget er:

- to nye språkkonsulentstillingar
- oppstarting av ein norsk språkbank
- innføring av elektronisk saksbehandling
- undersøkingar av språkbruk i samband med språkstyrkingsprosjekt

et var semje i styret om at det er problematisk å få til ein god samanheng mellom budsjettdokument og strategiske dokumentet dette året. Den ytre og den indre organiseringa er ikkje avslutta, og heller ikkje vedtak som må gjerast i den samanhengen. I debatten kom det fram forslag til klårare konkretisering av satsingsområda, til styrking av argumentasjonen og til innstramming og presisering av teksten.

Vedtak: *Styret vedtok framlegga frå direktøren til prioriteringar i budsjettsøknaden for 2007 med dei endringsforslaga som kom fram på møtet.*

Sak 5.4/06 Strategidokumentet *Norsk i hundre!*. Revidert forslag til følgjeskriv til departementet

Eit revidert forslag til følgjedokument var sendt ut.
Brev 28.2.06 frå Forskarforbundet til styret vart delt ut (jf. sak 5.3).

Styret sa seg nøgd med det reviderte framlegget til følgjeskriv og gjorde nokre få redaksjonelle endringar.

Vedtak: *Styret godkjenner følgjeskrivet med dei endringsforslaga som kom fram på møtet.*

Sak 5.5/06 Ny ekstern organisering av Språkrådet

- reviderte mandatutkast og namn for fagråda
- oppnemning av fagrådsmedlemmer (dersom KKD har oppnemnt styre, og vedtektene ligg føre)

Eit revidert notat 20.2.06 var sendt ut.
Brev 28.2.06 frå Forskarforbundet til styret vart delt ut (jf. sak 5.3).

Desse punkta kan oppsummerast frå styret si drøfting av saka:

- Mandata skal vera ramme for fagråda sitt arbeid.
- Det må stå i mandata kor lang periode råda er oppnemnde for.
- Mandata skal ikkje gje føringar for kva råda skal meina, men kva område dei skal meina noko om.
- Mandata må seia noko om kor operative fagråda skal vera.
- All verksemd i sekretariatet skal spegla aktiviteten i fagråda.
- Dokumentet må avklara roller, ansvar og mynde hjå direktøren, styret, fagråda og sekretariatet.

Vedtak: *Styret overlet til det nye styret å oppnemna medlemmer til fagråda (jf. sak 1.6/06).*

Styret bad om eit revidert utkast til mandattekst til neste møte.

Dessutan ynskjer styret ein omtale av den interne funksjons- og ansvarsfordelinga mellom sekretariatet/direktøren, styret og fagråda.

Orienteringssaker

Sak 6.1/06 Plan for arbeidet med intern organisering og omstilling

Notat om framgangsmåte ved organisasjonsutviklinga i Språkrådet var sendt ut.

Direktøren informerte om prosessen. Det skal mellom anna haldast eit halvdagsseminar for dei tilsette 9. mars. Organisasjonskonsulent Audun Bredrup Petersen er engasjert til å vera med på prosessen fram til det ligg føre eit endeleg forslag. På møtet 9. mars blir det sett ned ei arbeidsgruppe, som skal arbeida saman med leiinga og organisasjonskonsulenten.

Sak 6.2/06 Orientering ved direktøren

- ei gruppe frå kulturkomiteen på Stortinget gjesta Språkrådet 17. februar
- det vart halde ei mottaking for innbedne gjester i Språkrådet 23. februar
- det var drøfting mellom representantar for Universitetet i Oslo og Språkrådet 14. februar om språkpolitiske retningslinjer ved UiO
- Språkrådet har byrja eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Landssamanslutninga av nynorskkommunar om kursing av språkkonsulentar
- Språkrådet har kontakt med Høgskulen i Volda om eit mogleg prosjekt for språkstyrking og språkvern

Oslo, 6. mars 2006

Tove Kristin Karlsen
leiar

Sylfest Lomheim
direktør